

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested:	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Brennabu, Panoramavegen 2960 RØN	27.06.2019

Sak nr : **RS 43 -/-19**

Handlingsprogram og budsjett 2020 for Valdres Natur- og Kulturpark

Dagleg leiar inviterer Regionstyret til å vedta prosess og diskutere kva arbeidsoppgåver som bør prioriterast i handlingsplan for 2020. Vedtekter RS 40-/-19, langtidsprogram, mulighetsstudien for næringsutvikling og tilgjengelege ressursar skal kvart år formast i eit handlingsprogram.

Regionreformene set noko usikkerheit omkring nivået på partnerskapsmidlane frå fylkeskommunen, men dette er ein prosess som vil få nærmare avklaring framover hausten jf. dagens høyringssak RS 39-/-19. Norske parker kom inn på statsbudsjettet 2019, jf. RS sak 41-/-19, det betyr noko friske pengar for Valdres Natur- og Kulturpark.

Partnerane til parken har avtaler med parken, det er diskusjon om korleis finansieringa av Visit Valdres (VV) blir. Dersom kommunane blir einige om finansieringsfordeling synes det som om dei er einige om at bestillinga skal gå gjennom VNK. Dette vil krevje revidering av partnerskapsavtalen med VV og prosess med regionstyret om kva som skal prioriterast i eit tilleggskjøp. Tilleggskjøpet må vurderast ut frå lov om offentlege anskaffingar. For at dette skal kunne være ein del av VNK sine styringsdokument for 2020 må dette avklarast snøggast råd er. Dersom desse endringane kjem vil dagleg leiar setje i gang prosessar for å innlemme denne endringa i nesteårs styringsdokument i tråd med kommunanes sitt syn

Vedtektenes §3 seier: *»Forslag til handlingsprogram skal være behandlet i Regionstyret og sendt kommunene innen 25. oktober med vedtaksfrist 25. november for kommunene.»*

Regionstyret har gjennom året handsama ulike saker som blir søkt følgt opp. Valdresrådet har gjennom fleire år gjeve retning til arbeidet i Region, innspela frå dei blir og teke med i arbeidet. I tillegg til at det er møte i Valdresrådet med partnerane er det og møter mellom partnerar og VNK om enkeltoppgåver og samarbeidsoppgåver.

Denne hausten er det val og det blir eit nytt Regionstyre som vedtek HP og budsjett. Det er lagt opp til eit konstituerande møte som blir orienterte om dokumentet og prosessen i møte den 16. oktober og endeleg vedtak den 23. oktober.

Regionreforma og statens gjennomgang av virkemiddelapparatet medfører endringar for enkelte av samarbeidspartnerane våre. Dagleg leiar fyljer med på desse prosessane, og om det krev endringar i partnerskapsavtalane blir det fremma for Regionsstyret.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested:	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Brennabu, Panoramavegen 2960 RØN	27.06.2019

Dagleg leiar foreslår følgjande datoplan:

<i>Datoplan for prosessen</i>	Organ	Innhald
Dato		
27. juli	Regionstyret	Oppstart
28. august	Regionstyret	½ års rapport 2019 Saker til avklaring ved behov
16. oktober	Regionstyret	Orientering og dialog
23. oktober	Regionstyret	Sender dokumentet på høyring
4. desember	Regionstyret	Gjennomgår høyringane og vedtek endelig HP
18. desember	Valdresrådet	Får Regionstyrets vedtak til orientering

Forslag til vedtak:

Regionstyret vedtek framlagte forslag til prosess for handlingsplan og økonomiplan for VNK 2020.

Vedtak:

sign.

Utskrift sendt til